

Referat styremøte Voss idrettsråd tysdag 3.mai 2016

Til stades: Asle Bergstrøm (leiar), Nils Een (nestleiar), Frode Rokne (varamedlem og kasserar), John Gustav Nes (styremedlem), Renate Lunde (varamedlem), Borghild Haugo Ure (styremedlem), Brit Elisabet Dahle (styremedlem)

Ikkje møtt: Einar Melve (styremedlem)

Velkommen til nytt styre!

Sak 1

Asle innleia møtet med å fortelja kort om kva VIR jobba med førre året. Til slutt sa han, at me ser det er ei utfordring å få idrettslaga i Voss kommune meir aktive når det gjeld å søkja på ulike midlar/støtteordningar. Kva kan årsaka til dette vera?

Sak 2

Godkjent referat frå sist styremøtet, 14.03.16.

Sak 3

Referat frå Årsmøtet, 21.04.16. Gunn Berit Lunde Aarvik og Turid Måge må skriva under. Borghild tek kontakt med Turid Måge og Renate tek kontakt med Gunn Berit Lunde Aarvik for å få tak i underskriftene.

Sak 4

Konstituering av styret. Leiar og nestleiar er alt valt på årsmøtet 21.04.16.

Leiar – Asle Bergstrøm

Nestleiar – Nils Een

Skrivar – Borghild Haugo Ure

Kasserar – Frode Rokne

Heimesida og e-postformidlar til idrettslaga – Brit Elisabet Dahle.

Styremedlem – Einar Melve

Styremedlem – John Gustav Nes

Varamedlem – Renate Lunde

Leiar organiserer møtet med Ingvild K. Bidne og Bent Kvamme om praktisk arbeid med heimesida og kontaktadresser til laga saman med Britt Elisabeth Dale.

Sak 5

Asle la fram eit forslag til administrasjon og godtgjersle av VIR. Styret er einige i dette framlegget, men istadenfor å spesifisera kva sum kvar enkelt rolle skal ha set me av kr 35 000 til godtgjersle. Arbeidsmengda kan variera for dei ulike rollane og fordeling blir lagt fram for neste årsmøte.

Sak 6

Møtetidspunkt blir primært tysdagar kl. 19.30. Me ser for oss å ha fast møtestad i den nye tidtakarbua frametter.

Sak 7

Edvard B. Hegboms heiderspris og stipend. Situasjonen i dag er at det nesten ikkje er avkastning på fondet. Styret er samd i formuleringa til Asle, der han har lagt til eit nytt punkt, pkt 4 og dei «nye» statuttane vart samrøystes vedtekne.

Me deler ut heiderspris til fondet tek slutt. Me avsluttar å dela ut stipend til unge utøvarar. Kommunen deler ut stipend til unge utøvar.

- Styret avgjorde kven som skal få årets heiderspris – Nils Dagfinn Dregelid
- Styret avgjorde kven som skal få årets stipend til ung utøvar – Olve Ure.
Borghild Haugo Ure var inhabil i avgjersla.

Sak 8

Reglar for tildeling av LAM – midlar. Me viser til svaret på e-post frå HIK, 25.04.16. Me må forhalda oss til alder på dei aktive med funksjonshemning. Aldersgrensa er aktive unge med funksjonshemning under 19 år og er delt inn i intervalla 6 – 12 år og 13 – 19 år.

Sak 9

Ymse. Me snakka kort om idrett og kosthald, som er eit viktig tema. Eit tema som me i VIR gjerne vil jobba med framover.